

Til Alver kommune

Saksnummer: 14/6930

Gnr/ bnr. 212/132 m.fl

Adresse: Torvhusmyrane/Ostefjordvegen

Tiltakshaver: ATR Eiendom AS

Gjelder: Søknad om endring i rammeløyve

Bergen, 17.02.2022

Søknad om endring i rammeløyve for gbnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre

Ifølgje administrativt vedtak med saknr 429/15 (sak 14/6930), datert 02.10.2015, vart det med heimel i plan- og bygningslova §§20-3, jf 20-1 bokstav a, gjeve dispensasjon, rammeløyve og delvis igangsettingsløyve for etablering av delfelt KBA1 og KBA2 i næringsområde – gbnr 212/132 m.fl. Eikanger Øvre (sjå vedtak for vilkår). Igangsettingsløyve for resten av tiltaket vart gjeve i administrativt vedtak saknr 027/18, 18.01.2018,.

Det vart også gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen for opparbeiding av mellombels avkjøyrsløype, samt dispensasjon frå arealføremålet LNF, omsynssone landbruk, i kommuneplanen sin arealdel for legging av VA-leidningar i grunn, på vilkår av at leidningane skulle leggest djupt nok til ikkje å kome i konflikt med landbruksdrifta på det aktuelle strekket. Etersom dispensasjon allereie er omsøkt og innvilga, søkes det ikkje om dispensasjon på ny.

Med bakgrunn i den faktiske utbygginga som no ligg føre innanfor planområdet søkes det om endring i gitt rammeløyve. Det er ønska at gitt rammeløyve berre skal omfatta delfelt KBA2 og infrastruktur knytt til avkjøyrsløype, fortau og VA-anlegg, sjå vedlagt situasjonsplan/kart.

Søknad om endra rammeløyve omfatter dermed:

- Etablering av nytt, permanent vegkryss på E39 for tilkomst til næringsområdet
- Etablering av gang- og sykkelveg langs E39 (frå Eikanger til Eidsnes)
- VA-leidningsnett frå næringsområdet langs Mykingvegen, under denne og vidare til påkoplingspunkt i området regulert for teknisk anlegg i bustadfelt i Vahaugen
- Opparbeiding av veg V1 frå nytt, permanent vegkryss på E39, samt vidareføring av V1 til nordre grense innanfor reguleringsområdet, samt interne vegar innanfor delfelt KBA1, KBA2 og deler av KBA3.
- Sprenging og planering av delfelt KBA2

TIPPETUE

ARKITEKTER AS

Søknad om igangsetningsløyve og anmodning om ferdigattest for delfelt KBA2 vert sendt inn fortløpande. Bakgrunnen for at det søkes fortløpande/parallelt om endring av rammeløyve, igangsetningsløyve, og anmodning om ferdigattest for felt KBA2 med tilhøyrande infrastruktur, er at dette feltet no er tilnærma ferdig utbygd.

Det er også sendt inn søknad om nytt rammeløyve for delfelt KBA1 og deler av KBA3 (17.02.2022). Søknad om igangsetningsløyve for delfelt KBA1 og deler av KBA3 og søknad om mellombels bruksløyve for delfelt KBA1 og deler av KBA3 vert sendt inn fortløpande.

VA-plan og massehandsamingsplan vart sendt inn og godkjend i samband med opprinneleg søknad om rammeløyve. Desse vert difor ikkje lagt ved denne søknaden.

Vedlegg:

Kart/Situasjonsplan: KBA2 Utbygging og infrastruktur

Reguleringsplankart

Oversikt status for godkjende tiltak og rekkefølgekrav

Gjeldende gjennomføringsplan

Ansvarlig søker

Tippetue Arkitekter AS

v/Mai Cecilie Stabell